



Kobbevågen Vel
c/o Øyvind Ask Marøyvegen 59
5937 BØVÅGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 21/7624 - 21/74472

Saksbehandlar:

Hogne Askeland

hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:

08.11.2021

Miljøsak gbnr. 428/12 Kvalheim - avløpsanlegg - svar på dykkar brev

Vi viser til ditt brev datert 08.11.2021 med spørsmål knytt til telefonsamtale med Thore Thoresen angående avløpsleidingen til sjø frå bustadfeltet på Kvalheim.

Tore Thoresen kontakta Alver kommune 27.10.2021 med spørsmål knytt til avløpsanlegget frå bustadfeltet på Kvalheim.

Det vart frå Alver kommune si side vist til Haugen VVA-prosjektering sin søknad datert 20.04.2006 der kravet om trykkpumpe gjeld dersom leidingen ikkje har jamt fall.

Tore Thoresen opplyste at det ikkje var noko problem å få til jamt fall på leidingen og dette skulle ordnast og leidingen skulle koplast saman igjen der den var kappa ved om lag 600 meter. Thoresen opplyste at årsaka til at leidingen ikkje fungerte var at den var lagt med ei løkke.

Vår vurdering som vart vidareformidla til Tore Thoresen er at trykkpumpe skal monterast dersom avløpsleidingen ikkje har jamt fall og ikkje fungerer tilfredstillande. Oppnår ein desse krava utan montering av trykkpumpe vil ikkje Alver kommune krevje dette.

Med helsing

Alver kommune Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Kobbevågen Vel

c/o Øyvind Ask 5937
Marøyvegen 59

BØVÅGEN